



## Rettleiing til korleis ein lastar opp filer til heimesideområdet.

1. Last ned FileZilla her (gratis FTP-klient): <http://filezilla-project.org/download.php?type=client>
2. Installer og køyr FileZilla.
3. Her må du fylle ut felta "Server:", "Brukernavn:", "Passord:" og "Port:" slik som det er gjort på biletet under. Brukernavnet og passordet er det same som du brukar til e-postkontoen din. Trykk "Hurtigkobling" når alle felta er fylt ut.



4. Dersom alt gjekk bra skal det sjå ut som det gjer på biletet under. Gå inn i mappa som heiter "heimeside". Der skal det ligge to filer som i dag utgjer den midlertidige "heimesida" på området ditt. Det er her alle filene til heimesida di skal ligge.



- No må du finne filene til heimesida di lokalt på datamaskina ved å navigere i mappestrukturen på venstre side av programmet. Når du har funne dei må du merke alle filene, høgreklikke, og velge "Last opp". Du kan òg bruke "dra og slepp"-funksjonen. No skal du sjå alle filene ligge inni "heimeside"-mappa på området ditt.